

Kontaktutvalet for Reinheimen v/ Trond Stensby
Lesja kommune
2665 LESJA

Vår ref:
2010/5912856/2010/

Dykkar ref:

Saksbehandlar
SASA /

Dato
09.07.2010

Innspel til arbeidet med planprogram for regional plan - Ottadalen villreinområde

Vi viser til oppstartsmøte for arbeidet med planprogram for Regional plan – Ottadalen villreinområde i Lom 23.06.2010. Det kom fram under møtet at Lom kommune vil bli omfatta av dette arbeidet både på nord- (Reinheimen) og sørområdet (Breheimen) av Ottadalen villreinområde.

Lom kommune ser det som positivt at det no blir sett i gang eit regionalt planarbeid for å sikre ei heilskapeleg og langsiktig forvaltning av fjellområde med villreinbestand.

Vi vil likevel minne om at dei aktuelle fjellområda her i distriktet alt er sikra etter naturmangfaldlova, enten som nasjonalpark eller som landskapsvernområde. Planarbeidet sitt omfang og restriksjonsnivå må ta omsyn til dette.

I Lom kommune representerer tamreinsdrift ei viktig næringsinteresse. Lom Tamreinlag vart stifta i 1926. Laget har i dag ein vinterflokk på om lag 2.400 dyr, og produserer årleg ca 50 tonn reinsdyrkjøtt. Laget har 4 helårstilsette gjetarar, i tillegg 2 sesongtilsette i sommarhalvåret. Tamreinlaget er organisert som eit andelslag med ca 230 lokale andelseigarar. Den delen av Breheimen nasjonalpark som ligg i Lom kommune er innanfor konsesjonsområdet til Lom Tamreinlag. Dette området blir nytta av tamreinlaget til vinterbeite kvart år i perioden desember til april. I tillegg har tamreinlaget gjetarhytte og eit anlegg for slakting på Bøverkinnhalsen – like utanfor grensa til Høydalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat. Sistnemde slakteanlegg har ikkje vore nytta dei siste åra, men dette kan bli aktuelt att. Planarbeidet må ikkje få som konsekvens at Lom tamreinlag får redusert sine mogelegheiter til å drive rekningsssvarande næringsdrift. Det vidare arbeidet med fastsetjing av plangrenser og eventuelle restriksjonar på verksemd og tiltak må ta omsyn til dette.

På same måte må planarbeidet ikkje legge vesentlege hindringar den utnytting av utmarksressursane som skjer gjennom annan landbruksverksemd, for eksempel drift av vassvegar/vatningsanlegg. Vi viser til at vedlikehald og drift av desse anlegga er heimla i verneforskriftene både for Breheimen og Reinheimen nasjonalpark med tilhøyrande landskapsvernområde.

Når det gjeld vidare organisering av arbeidet vil Lom kommune presisere at alle kommunar som er omfatta av den regionale planen må vere representert i styringsgruppa for planarbeidet.

Med helsing



Sander Sælthun, fungerande tenesteleiar for plan, miljø og næring

Postadresse
Midtgard
2686 Lom
E-post: post@lom.kommune.no

Besøksadresse
Midtgard
www.lom.kommune.no

Telefon
61217300
Telefaks
61217301

Bank
2085.07.00010
Org.nr
959377677

